

NVE

Innsendt dato: 12.06.2013

Referansenummer: QMEDDW

Innsending av h yringsfr segn

| Saksopplysningar | |
|----------------------|-----------------------|
| NVE sitt saksnr.: | 200903066 |
| Sakstittel | Stikkelvika kraftverk |
| H yringsfr segn fr : | Privat person |

| Personopplysningar | |
|--------------------|---------------------|
| Navn | Hallvard Kjelen |
| Adresse | Trollhaugen |
| Postnr | 8647 |
| Poststad | Bleikvasslia |
| e-post | hallvark@hinesna.no |
| Telefon | 97796975 |

| Høyringsfråsegn | |
|----------------------------|--|
| Høyringsfråsegn | <p>Følgjande bør tilleggjast vekt under konsesjonshandsaminga:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Elva som viktig naturelement langs den så kalla "Villmarksvegen". Strekninga frå Korgen i nord til Hattfjelldal har allereie misa fleire fossefall: Reinåga (under utbygging), Stabbforsen/Fallforsen, Sørbuktelva (omsøkt), for å nemne noko. Synlege fossefall vil snart bli historie på indre Helgeland: Lista over tap av fossar og strie elver blir svært lang berre for kommunane Rana og Hemnes. Samla belastning i området er allereie stor. Ser ein indre Helgeland under eitt, er vassdragsnaturen under stort press. Frå dei gamle, svært øydeleggjande Røsså- og Rana-kraftverka, til nyare, mindre kraftverk. I nabokommunen Hemnes er meir enn 10 mindre kraftverk no under planleggjing/omsøkt Den samla belastninga på området er med andre ord svært stor. -Stigen opp til Kjerringvatnet/Kjerringtinden må karakteriserast som mykje bruka, ikkje "lite brukt" , som det står i søknaden. Elva og Kjerringvatnet er viktige for friluftslivet både i Hemnes og i Hattfjelldal kommuner. Kjerringtinden er et majestetisk turmål, og desse inngrepa vil gjere turen fattigare. Kjerringvatnet og elva må reknast som viktige restverdier i eit område som elles er prega av den store Røssvass-utbygginga. - Tap av INON. Må også sjåast i samanheng med den omsøkte utbygginga av Sørbuktelva like ved. - Uvissa om raudlistearter og verknaden utbygginga kan få på fuglelivet (fossekall, lom, f. eks) bør tilleggjast stor vekt. Her bør det i alle fall vere eit klart krav om meir kunnskap og dokumentasjon. |
| Høyringsfråsegn vedlegg | Ikke angitt |
| Annan relevant informasjon | Ikke angitt |
| Vedlegg av bilete og kart | |